

# Storm og stille

Ute er det grått og trist,  
storm og regn så sant og vist.  
Høyr det sit ei skjor og klagar,  
ventar nok på betre dagar.  
Kattar spring kring nova,  
stundar etter kos i stova.  
Folk og dyr segklagar,

etter slike dagar.  
Så ein dag i stova inn  
kjem ein ven, ja sola skin.  
Strålar fint ho sender,  
atter håp ho tender.  
Vår og sumar nok ein gong,  
friluftsliv og fuglesong.  
Ut å forske, stein for stein,  
heim med funnet, gjer det rein.  
Gløym å klage, mas og sut,  
berre vi får kome ut.

Aa.D.